

SAKNR.: UTVAL:

MØTEDATO SAKSBEH.:

TBY 0043 BYGNINGSRÅDET

21.09.95 JBT/TEK

GNR. 51 BNR. 1 - SØKNAD OM MASSEUTTAK VED FURNESET.

Vedlegg : Søknad datert 25.05.95 med kart

Andre saksdokument : Brev fra Fylkesmannen, kommunal- og samordningsavdelinga
Brev fra Fylkeskommunen, nærings- og miljøavdelinga
Brev fra landbrukskontoret

Saksgang : Bygningsrådet sitt vedtak kan påklagast til fylkesmannen innan 3 veker etter at det er mottatt. Slik klage skal sendast via bygningsrådet.

Saksutgreiing : Eige vedlegg datert 14.09.1995

Administrasjonssjefen viser til saksutgreiinga og legg saka fram for bygningsrådet med slik

innstilling:

Vestnes bygningsråd godkjenner melding om masseuttak i Brændsdalen på gnr. 51 bnr. 1 slik det er søkt om på følgjande vilkår:

1. Området skal avgrensast i samsvar med kart datert 14.09.1995, og avmerkast i terrenget av kommunen.
2. Stoffen skal utformast i samsvar med skisse fra Bergvesenet.
3. Lausmassar skal tilbakeførast slik at området kan gro til att med stedlig vegetasjon.
4. Tilsagn om utvida bruk av eksisterande driftsavkøyrsle fra Vegkontoret må ligge føre.

Bygningsrådet si behandling i møtet:

Notat fra miljøvernrådgjevaren vart lagt fram for medlemmane.
Vestnes Bygningsråd

VEDTAK:

Som innstilling.

Reidun B. Leihanes dd/9-9

Utskrift: Kristen Stokkeland, 6390 Vestnes
Nærings- og miljøavdelinga, Fylkeshuset, 6400 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6400 Molde

SAKNR.: UTVAL:

MØTEDATO SAKSBEH.:

DFP 0032 DET FASTE PLANUTVALET

23.05.96 JBT/TEK

GNR. 51 BNR. 1 - FYLLPLASS FOR OVERSKOTSMASSAR

Vedlegg : Søknad datert 22.02.96 med kart
 Nærings- og miljøutvalet, sak 26.96
 Fylkesmannen, brev 01.04.96
 Fylkeskommunen, brev 10.04.96

Andre saksdokument: Kommuneplanens arealdel

Saksgang : Det faste planutvalet sitt vedtak
 kan pålagast til Fylkesmannen innan 3 veker
 etter at det er mottatt. Slik klage skal
 sendast via utvalet.

Saksutgreiing : Eige vedlegg dater t14.05.96.

Administrasjonssjefen viser til saksutgreiinga og oppmodar
 det faste planutvalet om å ta synfaring i området før
 vedtak. Saka blir lagt fram med slik

innstilling:

Det faste planutvalet finn etter ei vurdering av redusert
 storleik på fyllingsområdet og planane om tilbakeføring til
 produktivt skogsareal, med heimel i plan- og bygningslova
 § 7 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel
 og tillet at det blir etablert eit avgrensa fyllingsområde
 på gnr. 51 bnr. 1 på følgjande vilkår:

1. Området skal avgrensast i og innmålast i terrenget.
2. Området skal tilbakeførast til skogbruksareal etter 10
 år, jfr. vedtak i nærings- og miljøutvalet sak 26.96.
3. Eksisterande vegetasjon rundt fyllingsområdet skal
 sikrast.
4. Avslutning av fyllinga skal vere slik at sideareala
 kan tilplantast/få ny vegetasjon.

DFP-sak 032.96

BEHANDLING I MØTET:

Etter synfaring gjorde det faste planutvalet slikt

VEDTAK (samrøysta):

Det faste planutvalet finn etter ei vurdering av redusert storleik på fyllingsområdet og planane om tilbakeføring til produktivt skogsareal, med heimel i plan- og bygningslova § 7 å kunne gje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og tillet at det blir etablert eit avgrensa fyllingsområde på gnr. 51 bnr. 1 på følgjande vilkår:

1. Området skal avgrensast i og innmålast i terrenget.
2. Området skal tilbakeførast til skogbruksareal etter 10 år, jfr. vedtak i nærings- og miljøutvalet sak 26.96.
3. Eksisterande vegetasjon rundt fyllingsområdet skal sikrast.
4. Avslutning av fyllinga skal vere slik at sideareala kan tilplantast/få ny vegetasjon.
Avgrensinga og skråningsfor skal plasserast og utformast slik at ein sikrar seg mot utrasing både av fyllmassar og undergrunn. Dette inneber også at eksisterande vegetasjon må bli ståande.

Utskrift blir sendt til:

Kristen Stokkeland, 6390 Vestnes

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6390 Vestnes
Møre og Romsdal fylkeskommune, nærings- og miljøavdelinga,
Fylkeshuset, 6400 Molde

DFP-sak 032.96

SAKSUTGREIING:

Det er søkt om plassering av ein deponiplass for overskotsmassar på to alternative plassar på gnr. 51 bnr. 1. Det er understreka at fyllområdet skal tilbakeførast til skogformål.

Slike fyllingar krev melding etter plan- og bygningslova § 84. I kommuneplanen er området vist som LNF-område, og tiltaket krev såleis dispensasjon frå planen.

Innkomne fråsegner:

Nærings- og miljøutvalet i kommunen har tilrådd eit deponi etter alternativ 2 i søknaden.

Fylkesmannen vil gå imot at det blir gitt dispensasjon, og meiner at saka bør førebuast som reguleringsplan.

Fylkeskommunen "... har ikkje särlege merknader til nokon av alternativa i søknaden, men rår det faste planutvalet ti å stille vilkår om etappevis istandsetting av området ved ein evt. dispensasjon ...".

Bygningssjefen har synfart området alt. 2 saman med miljøvernleiaren. Området ligg inn til der det er godkjent eit avgrensa masseuttak.

I søknaden er dette vist ca 10 daa stort.

Bygningssjefen vurderer at då omdisponeringa vil vere mellombels, og at arealet vil bli istandsett til framtidig skogbruksdrift, må dette kunne sjåast på som särlege grunnar etter plan- og bygningslova § 7 for å vurdere dispensasjon.

Dette utifrå at tiltaket berre i svært liten grad vil påverke omsynet til Natur- og Friluftsomsynet inannfor LNF-området.

Bygningssjefen meiner at arealet på området bør avgrensast vesentleg i forhold til søknaden. Med ei slik avgrensing bør forholda kunne ligge til rette for dispensasjon på visse vilkår. Desse vilkåra rettar seg mot å ivareta noko av den eksisterande vegetasjonen på "utsida" av fyllingsområdet.

Vestnes, 14.05.1996

Bygningssjefen